
Frå: Haakon Aase <haa-aase@online.no>
Send: fredag 19. juli 2019 13:06
Til: Postmottak Meland
Kopi: 'Arnt Brakstad'; Arne Mjåtveit; Sølvi Knudsen; Hanne Marie Evensen; Eirik Bouwer Utne; Bjørnar Norvald Langeland; Eli Hillsersøy; Haakon Aase; Helene Olli Sollid; Kjersti Langenes Bøen; Marie Morken; Åse Grønsnes; Åsmund Aase Fluge
Emne: Elias-huset - ny plassering

Oppfølgingsflagg: Flag for follow up
Status for flagg: Flagga

Ordfører Øyvind Oddekalv
Leiar i Utval for levekår, Sølvi Knudsen
Avdeling Plan, bygg og eigedom
Avdeling for Kultur

Hei!

MELAND SOGELAG OG MELAND MÅLLAG VIL FLYTTA ELIAS-HUSET OG TRENG EI NY TOMT

Som de vil vera kjende med, arbeider Meland Sogelag og Meland Mållag med ein plan om å berga Elias Mjåtveit-huset på Mjåtveit. Det er, *minst*, tre grunnar til at vi ynskjer det.

- Det gjeld fyrst og fremst historia om Elias Mjåtveit (1874 – 1957) og det han stod for i si samtid, som sjølvært intellektuell, som diktar, som skribent og deltakar i samfunnsdebatten, som spelemann, som organisator og samfunnsborgar m.m.
- For det andre er huset, så langt vi har røkt etter, det einaste ståande huset i Meland som vart reist som bustad for menneske som levde og arbeidde på husmannskontrakt. Det var mange husmenn i Meland, men få spor etter heimane deira, i beste fall ruinar av grunnmurar.
- For det tredje har huset også bygningsteknisk og bygningshistorisk ein kulturminneverdi.

Alle desse punkta kan utdjupast, men oppsummert kan ein slå fast at minnet om Elias Mjåtveit representerer ein stor og viktig kulturarv, og huset han budde og arbeidde i, vil som ein materiell manifestasjon, vera eitt av dei viktigaste midla til å halda denne arven i hevd.

Etter vårt syn vil det vera av like stor regional interesse å ta vare på slike kulturminne som det på nasjonalt nivå blir arbeidd for å vyrdsla diktarheimar som Aulestad, som heimen til Sigrid Undset m.fl. Særleg viktig er det å understreka at dei materielle kulturminna etter småkårsfolk tradisjonelt i langt mindre grad er blitt tekne vare enn storgardane og herskapshusa i byane, på same måte som historia til desse menneska som både stod i fysisk og intellektuelt arbeid, er blitt underkommunisert. Husmannssoga er særleg viktig i denne samanhengen.

Vi viser elles til materiale om Elias Mjåtveit publisert i Kontakt, organ for kyrkja i Meland (Arnt Brakstad), og MelandJul, Meland Mållag sitt julehefte (Geirmund Johnsen).

Kva har skjedd?

Dei to laga informert eigar om våre ynskemål og planar for Elias-huset. Eigar ynskjer å fjerna huset frå eigedomen. Kommunen har gjeve løyve til riving, men har sett som vilkår at rivinga skal skje i samråd med Meland Sogelag og Meland Mållag.

Den 7. juni d.å. vart det halde eit møte i regi av kommunen der eigar og representantar for dei to laga møtte saksbehandlarar i kommunen. Der vart det drøfta korleis vedtaket skulle fylgjast opp. Det er slege fast at Meland Sogelag og Meland Mållag skal ha eit rimeleg handlingsrom til å kunna utarbeida ein plan for å berga huset. Ein slik plan vil innebera m.a. ein grundig dokumentasjon av bygningen, utarbeiding av ei utførleg tilstandsvurdering og ein tiltaksplan for atterreising med tilhøyrande kostnadsoverslag, eit opplegg for forsvarleg demontering, eit opplegg for behandling mot skadedyr, eit opplegg for forsvarleg mellomlagring, og sjølv sagt til siste, ein plan for atterreising av huset på ein ny stad, basert på ei tilfredsstillande finansiering.

Alle desse momenta krev arbeid, men mykje er godt i gang.

- 1) Det er m.a. utarbeidd ei førebels tilstandsvurdering som konkluderer med at det vil kunna vera grunnlag for å søkja midlar til restaurering av huset.
- 2) Gamle 3Hus har gjennomført ei grundig oppmåling av huset, utarbeidd målsette skisser og laga plan- og fasadeteikningar.
- 3) Det er sett i bestilling hjå Gamle 3Hus ei meir utførleg tilstandsvurdering, ein tiltaksplan med kostnadsoverslag. Tidsplan for dette arbeidet vil liggja føre etter ferien.
- 4) Arbeid med å finna lagringsrom for bygningsdelane er igangsett.
- 5) 30. juni d.å. arrangerte dei to laga ein dugnad. Eit tilbygg til bygningen som vart rekna som totalskadd og farleg, vart teke ned, det vart rydda og dei øydelagde bygningsdelane vart frakta til gjenvinningsstasjonen den påfylgjande veka.
- 6) Ein journalist i Strilen har laga ein reportasje om prosjektet. Den vil truleg bli publisert med det fyrste i juli.
- 7) Den 2. juli d.å. hadde Haakon Aase og Sølvi Knudsen (ULK) eit møte med kulturkonsulent Eirik Bouwer Utne om ny plassering av Elias-huset.

Ny plassering av Elias-huset

Sølvi Knudsen og underskrivne møtte Eirik Bouwer Utne frå kulturavdelinga den 2. juli, fyrst til eit møte på rådhuset og deretter til synfaring i området mellom Sjursa-huset og meieriet på Frekhaug, jfr. pkt 7) ovanfor.

Haakon Aase orienterte om status i arbeidet som Meland Sogelag og Meland Mållag driv for å berga Elias Mjåtveit-huset. Hovudtema for møtet var plassering av Elias-huset ved atterreisinga. Haakon Aase gjorde greie for framlegget frå sogelaget og mållaget. Det går ut på å finna ei høveleg tomt i det nemnde området, t.d. vinkelrett på Sjursa-huset og nord for, og parallelt med, grunnmuren etter «Haldorsen-huset» som no vert integrert i eit opparbeidd uteområde. Med si moderate grunnflate, 8 x 5 m, vil det også kunna vera fleire moglege plasseringar i området. Etter mållaget og sogelaget si meining vil plasseringa av huset inn i denne samanhengen, og den tiltenkte kulturelterte bruken, retta mot menneske i alle aldrar, kunna vera i godt samsvar med den eksisterande planen for området.

Eirik Utne gjorde greie for planen for området og dei ulike elementa i den. Han noterte seg framlegget frå sogelaget og mållaget og lovde å ta det vidare til dei aktuelle instansane i kommunen, m.a. prosjektleiar for arbeidet med uteområdet. Han understreka at det hastar med å få til ei eventuell justering av planen for å plassera inn Elias-huset, då den innleigde entreprenøren vil starta opp att arbeid per cirka 1. september.

Elias-huset skal brukast

Etter vår meining vil ei atterreising av Elias-huset i det aktuelle området mellom Sjursa-huset og meieriet høva godt, ikkje berre godt, men særdeles godt. Huset vil stå fram som ein naturleg viktig del av ei *kulturklynge* som startar med Nordgardsløa og vert avslutta med det nyopprusta meieriet. Når huset ikkje kan bli ståande på sin opphavlege plass, kan det knapt tenkjast ei betre plassering. Eit atterreist Elias-hus på Frekhaug vil fyrst og fremst vera eit minnesmerke som vil vera Elias Mjåtveit verdig og vil lyfta hans stilling som ein viktig personlegdom i si samtid og som ein inspirator for vår tid og framtida. Elias etterlet seg ei mengd litteratur som viser spennvidda i hans litterære, filosofiske, religiøse og politiske orientering, og ei mengd egne skrifter som dels var publiserte i blad

og aviser, dels upubliserte. I det atterreiste huset vil dette materialet kunna få ein naturleg og forsvarleg plass. Elias si litterære verksemd ville såleis få sitt «dokumentasjonsenter». Men bygget vil også kunna hysa andre aktivitetar som intimkonsertar, litteraturkveldar, opplesing og musikkøker for barn, eller alle typar arrangement der det ikkje er trong for eit stort lokale. Vi har også tenkt at ein i andre etasje kan innreia ein hybel og ei skrivestove som kan leigast/lånast ut til ein skribent eller ein forfattarspire som treng eit arbeidsrom utanfor eigen heim for ei tid. Saman med Sjursa-huset og bygningsmiljøet elles i ned mot Frekhaug hamn vil huset også tilføra området eit forvitneleg innslag av bygningshistorie.

Kva bed vi om?

Etter råd frå kulturavdelinga vender vi oss til det politiske nivået i kommunen. Vi bed kort og godt om at kommunen skal seia ja til å plassera Elias-huset slik vi har gjort framlegg om. Vi veit at området alt er under arbeid, det vil derfor vera bra å få ei avklaring rimeleg snart. Slik vi har forstått planen for området, vil det krevja ei mindre justering for å kunna etla ein plass til Elias-huset, men vi skjønner at det må takast med som ein faktor i det vidare arbeidet at eit nytt element, ein bruksbygning, skal inn på området, jfr. omsyn til nødvendig infrastruktur, tilkomst for alle brukarar av anlegget etc. Men vi tenkjer at dersom dei omsyna blir tekne, og i god tid, vil det vera rimeleg enkelt å sameina med den eksisterande planen.

Meland Mållag og Meland Sogelag stiller seg til rådvelde for utfyllande orientering om prosjektet.

For Meland Sogelag og Meland Mållag
Beste helsing
Haakon Aase, leiar i Meland Mållag